

Merk at arbeidet er pågående, og at
presentasjonen er rådata

Grønn Hub Vest

En mulighetsstudie av sirkulært potensial i
Askøy og Øygarden kommune



ØYGARDEN NÆRINGSUTVIKLING

VÅREN 2023

MÅNADSBREV

Les meir på:

www.oygarden.kommune.no/naringsutvikling/



Våren 20223

Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

Våren 2023 har vore innhaldsrik med fleire spennande prosjekt under oppfølging og andre initiativ og samarbeid i startfasar som skal sette Øygarden på kartet som ein region å sjå til for utvikling og vekst!


No er det ei stund sidan forrige månadsbrev så her kjem ei oppsummering av nokre aktivitetar så langt i 2023.

GRØNN UTVIKLING I ØYGARDEN

Denne våren har eg har bruk mykje tid på moglegheitsstudien "Grøn Hub Vest". PwC som har kjørt prosjektet for oss har hatt fleire 1-1 intervju med sentrale næringslivsaktørar i Øygarden og på Askøy. I Øygarden har det vore gjennomført intervju med CCB, Sotra gruppen AS, CCB Holding Energy AS, Bergen Havn, Sekkingstad og Biomega for å nemne nokre.

Kommunedirektørane i både Øygarden og på Askøy har vore med i styringsgruppa og har forankra prosjektet. I tillegg har vi gjennomført tre innspelsmøter - eit på Askøy og eit i Øygarden, og eit felles på Teams. Moglegheitsstudie for Grøn Hub Vest er ferdigstilt og vart presentert for formannskapet 21. mars. Resultata skal lanserast for næringslivet og andre interessenter i løpet av mai. I dette møtet ønskjer vi innspel på korleis vi saman kan nytt funna frå studiet.

Grønn Hub Vest sine hovedsatsinger og potensielle posisjoner i verdikjedene



1) Merk at detaljerte lokasjoner er forslag basert på dialog med utvalgte etablerte aktørar i industriparkene, og at andre lokasjoner kan være aktuelle for illustrerte eller andre deler av verdikjedene.



I februar deltok eg på GCE Ocean Technology sitt første møte i ressursgruppe for fornybar energi. Dette, og resultatet av Grøn Hub Vest studiet, har resultert i at Øygarden næringsutvikling har tatt initiativet til utarbeiding av eit prosjektforslag for "Rigging av havvind". Saman med lokale aktørar og GCE Ocean skal vi søkje midlar hos fylkeskommunen under utlysinga basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Prosjekta som får støtte skal bidra til styrking av grøne verdikjelder, verdiskaping og grøne arbeidsplassar i heile fylket, og her tenkjer vi eit prosjektet som omhandlar havvind passar godt inn.





Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

Då gründeren av Wastech (lagar gjødsel av matavfall) ville etablere seg i Øygarden tipsa Øygarden næringsutvikling han om å ta kontakt med ØyVAR. Det resulterte i at Wastech etablerte eit suksessfullt pilotanlegg på Toft. I løpet av hausten 2022 vart eg med fleire invitert til eit anna gründerprosjekt sør i kommunen; Grøntponics som vertikaldyrkar salatar og grønt. Her såg eg potensialet av at eit samarbeid og inviterte gründerane inn til eit felles møte. Resultatet er at dei no har samlokalisert seg i Midsteigen i Skogsvåg. Denne våren har vi brukt tid på å sjå på moglegheita for å få tilgang til West Team bygget i Energiparken for å utvida produksjonen og ta del i utviklinga og den industrielle symbiosen som er tenkt der. Både politisk leiing og CCB Energy Holding er positive til å samlokalisere gründersamarbeidet som ein del av det grøne skiftet i Øygarden.

HAVBYEN BERGEN OG ONE OCEAN WEEK

I løpet av våren har eg deltatt på fleire samlingar i Havbyen Bergen der Øygarden kommune er partnar. Dette nettverket er en fin arena for Øygarden å delta i, for samhandling med ulike miljø i Bergen. Gjennom prosjektet har vi forplikta oss til 50 arbeidstimar pr. år. Gjennom denne arenaen tok vi initiativ til å synleggjere Øygarden under One Ocean Week.

Vi pangstarta One Ocean Week med ein visningstur til Northern Lights saman med Invest in Bergen og 50 gjestar. Northern Lights hadde ein flott gjennomgang av prosjektet og planar for satsning fremover (fase 2) og CCB Energy Holding presenterte tankane rundt den industrielle symbiosen som ei konsekvens av etableringa av Co2 langringsanlegget. Besøket vart avslutta med god lunsj før ein elektrisk buss frakta dei besøkande attende til Bergen.



Øygarden næringsutvikling tok initiativ til eit felles arrangement saman med Vest Næringsråd og NCE Seafood. Arrangementet vart ein stor suksess med over 80 deltakarar som ville sjå kva Øygarden har å by på av verdiar frå havet. Ei fellesmottaking med tema sjømat og fokus på større utnytting av heile laksen, i tillegg til nye artar frå havet som tang og tare og ulike skjell vart resultatet.

Vestnytt

Nyheter | kategorier ▾

BLI ABBONNEN


To hoder slår seg sammen i nysatsning

Samarbeid mellom bergensbedriften Wastech og sotrabedriften Grøntponics gir grønnsaker dyrket i jord av matavfall.



Kari-Anne Landro • 1st
Øygarden næringsutvikling

Pengaratt på vika og Vett Karmøy får si deltagning på One Ocean Week. Takk til Øygarden kommune og invest in Bergen for turen til Energiparken på Jusnes med gode innlegg frå Northern Lights og CCB Energy. Anlegget for mottak av CO2 frå skip og vidare transport av CO2 til injeksjonsbrennar offshore, teknisk.



Cecile Seien and 46 others

Nordic Innovators P/S
4,413 followers
Our team in Norway had an amazing experience on Monday - they visited the world's first #CO2US plant in Øygarden, Norway for the tour at Energiparken on Jusnes, with Northern Lights and CCB Energy. It was an excellent opportunity to learn more about the project and the footprint through the development of the world's first open CO2 transport and storage infrastructure.

At Nordic Innovators P/S, we are proud of playing a central role in projects that enable a green and sustainable future by offering financing options through national and European #funding #champions as well as private capital.

Thank you Øygarden kommune, Øygarden næringsutvikling KF and Invest in Bergen for the opportunity to visit the plant and learn more about #carboncapture and #CO2management.

We look forward to following the development and contributing to the #greentransformation alongside Northern Lights and other leading players in this industry. Tom Georg Indredvik, Hanne Mjøle Løkken, One Ocean Week
Sondre Tyrdal, Olav Steen - Østen Læra, Mats Gundersen, Dyrele Winsløv Brænvey, Marit Myrland FjordInnovators #greentransition





Kva skjer i Øygarden næringsutvikling?

PROSJEKT HJERTESTARTAR

Under OTD Energy i oktober kom eg i prat med Røde Kors Hjelpekorps, og vi blei einige i at vi måtte samarbeida for å utøysa eit initiativ mot næringslivet. Etter nokre brainstormingsmøter blei Sparebanken Vest invitert til å støtte prosjektet som fokuserte på vedlikehald av eksisterande hjertestartarar og nye hjertestartskap for å gjere hjertestartarar meir tilgjengelege. Sparebanken Vest innvilga 400.000 kroner til prosjektet.

Prosjektet er kanskje utanfor området "næringsutvikling", men vert sett på som ein del av samfunnsoppdraget vårt. Det er delt ut heile **16 hjertestartarskap** rundt om i kommunen vår.

Tiltaket har skapt bevisstheit rundt tilgang for hjertestartarar i kommunen, og var også tema på VNR sitt frukostseminar i januar. No er prosjektet tatt vidare til Askøy kommune.

Øygarden kommune
Sponsret - 1
... X

Idrettslag og andre frivillige organisasjoner i Øygarden er invitert til seka om hjertestartarskap ❤️

rodekorsforstehjelp.no
SØK om støtte ❤️
Førstehjelp til hjertestarte...

Finn ut mer

Øygarden næringsutvikling KF
281 følgere • 144 likes

Veldig nyttig å kunne gå inn i jorden & 🚧 og vite at i januar 2023 kan legg og organisasjoner hjemmeherende i Øygarden sette om oppgradering av sine hjertestartarskap til nye med sim-kort overvåking, nye batters ... se mer

- Det ville definitivt hjelpt å haft ein slik i nærlieken | Vest Håringstad unna ca 4 min. værde!

Del

KVINNEDAG PÅ CCB 8.MARS

8 .mars inviterte vi til Kvinnedagsfrokost på CCB saman med Cecilie Sælen i CCB Subsea. 120 kvinner tok turen, og styremedlem i Øygarden næringsutvikling, Tove Ormevik var ein av tre som heldt inspirerende innlegg. Arrangementet blei ein suksess og ein slik arena er etterspurt i regionen, og vi ser på moglegheita for å få til eit liknande høsttreff.

Cecilie Sælen 1.
Cecilie Sælen er ansatt ved CCB Subsea AS
Sted: Agder, Kristiansand

Vi inviterer til frokostute på CCB - Coast Center Base, Agtnes, 8. mars kl 8 – 10 å feira Kvinnedagen sammen.

Kvinnedagen er ein viktig dag. Mangfold og identitet angår oss alle, og her ønsker vi at ossar skal stape av inkluderende kultur. Og så trenger vi kvinnedagar ledere som viktige kulturarbeidar og rollemodellar:

8. mars samlar vi dydige og inspirerende kvinner på scenen til å dele av sine erfaringar og inspirasjonar. Deltakarar blir inkludert frå Agder Offiser i Ålesund Carbon Capture og med lang erfaring som plattformoperatør i Equinor, BP og Aaslehf. Lis-Mary Sæle Kunnenpolitisk leder i Vestland Hayre og med erfaring fra Stortinget, og Regine Oen Hatten som 27 år gammel rik toppsalar på den internasjonale MDT Høgskolen i 2022.

Møtleder er Cecilie Sælen, CCB Subsea AS

Sted: CCB, Agtnes, Auditoriet i KZ
Dørene åpnes kl 08.00, invitasjonen starter kl 08.30 og vi avslutter kl 10.00
Det er gratis å delta, men du må bestille et spise arrangementet er gratis

Følg link for plåttmeddeling: <https://lnkd.in/gB8QWfWU>
Vi har plass til 140 i salen, så meld deg på i dag – og gjerne videreføres til dine kollegar og andre i ditt nettverk!

Velkommen til en fint markering av kvinnedagen på Agtnes!

Hanne Mjøs Løkøy, Øygarden næringsutvikling KF | Cecilie Sælen, CCB Subsea AS
#diversitetsinnovasjon #breakthelosus #EmbraceEquity

8. mars 2023 kl 8 – 10
CCB, Agtnes

Hanne Mjøs Løkøy, Øygarden næringsutvikling KF • 1. Du og 126 til
9 kommentarer

Dette jobbar Øygarden næringsutvikling vidare med:

- Rigging mot havvind saman med GCE Ocean og aktører på Ågotnes
- Grøn utvikling på Skaganeset: Biogassproduksjon
- Planlegging av OTD Energy i Stavanger i oktober
- Moglegheit for gründersatsing i Energiparken
- Vegen vidare etter moglegheitsstudiet "Grøn Hub Vest"
- Prosjektet næringvenleg kommune saman med planavdelingen.

Helsing Hanne

